

Austrheim kommune
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1695 - 16/19730

Saksbehandlar:

Arnold Matre

Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:

08.07.2016

Reguleringsplan for Keilen Vest - Dialogmøte mellom Austheim og Lindås kommune i høve motsegn

På bakgrunn av at Austrheim kommune hadde fremja motsegn til framlegg til reguleringsplan for Keilen Vest i Lindås kommune, vart det halde meklingsmøte på rådhuset i Knarvik 29.06.2016.

Til stades:

Frå Lindås kommune:

- Astrid Aarhus Byrknes, Ordfører
- Ståle Juvik Hauge, Leiar i Plan- og miljøutvalet
- Arnold Matre, Plan- og utviklingssjef
- Christian Reinshol, rådgjevar plan

Austrheim kommune:

- Per Lerøy, Ordfører
- Asbjørn Nagell Toft, Plansjef

Bakgrunn for møte:

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune gjorde i møte 29.04.15 vedtak om leggja framlegg til reguleringsplan for Keilen Vest ut til offentlig ettersyn. Formannskapet i Austrheim gjorde i møte 29.03.16 vedtak om å fremja motsegn til planen. Kommunane møtttest for å mekla med det føremål at motsegna kunne verta trekt. Alternativt ville saka gå vidare til departementet, via Fylkesmannen, til avgjerd.

Skjedde i møte:

Ordfører Astrid Aarhus Byrknes ønskte velkommen og hadde ei innleiing i høve saksgangen i møtet.

- Austrheim kommune gjorde greie for bakgrunnen for at dei fremja motsegn.
- Lindås kommunen fremja deretter sitt syn på motsegna.
- Siste del av møte var dialog i høve kva som måtte til for at Austrheim ville trekkja motsegna.

Konklusjon/ Semje i møte:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Austrheim og Lindås kommunar vart i møtet samde om følgjande:

1. Austrheim kommune gjer vedtak om å trekkje motsegna som er fremja til framlegg til reguleringsplan for Keilen Vest.
2. Lindås og Austrheim kommunar forpliktar seg til å gå i dialog i høve trafikksikringstiltak langs kommunal veg frå plangrensa til Keilen vest til krysset Keilenvegen /fv 57. Det skal og vera ein del av dialogen at ein skal vurdere ulike rekkjefølgjekrav på ulike delar av strekninga for ulike tiltak/utbyggingsprosjekt langs vegen til ulike tidspunkt.
3. Før Lindås kommune tek reguleringsplan for Keilen Vest opp til endeleg handsaming i kommunestyret, skal planframlegget verta sendt ut til nytt offentleg ettersyn.

Dersom det ikkje er komen merknader til referatet innan 15.07.16 er referatet å rekna som endeleg.

Med helsing

Arnold Matre
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Asbjørn Nagell Toft
Christian H. Reinshol
Ordfører
Per Lerøy
Ståle Juvik Hauge

Ikenberget 42

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM